



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Ole Bakkebø, 55 57 21 40

Vår dato
08.12.2014
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2014/8610 310
Dykkar referanse
«REF»

Kommunane i Hordaland
v/ordførar/rådmann/byrådsleiar

Kommunereformen i Hordaland

Arbeidet med kommunereformen er no godt i gang i kommunane. Fylkesmannen har pr dags dato vitja 25 kommunestyre der reformprosjektet er presentert og drøfta. KS har tildels vore med på desse møta og også hatt eigne informasjonsmøter med kommunane. KS sine styremøter - der Hordaland fylkeskommunen også er invitert- er felles informasjonorgan og diskusjonsarena for denne prosessen. Målet vårt er at vi tidleg på nyåret har gjennomført denne runden i alle kommunestyre utifrå den kjennsgjerning at det er kommunestyra som skal fatte vedtak om endring av kommunegrensene. Det har vore nyttige runder og avklaringar knytt til ei rekkje utfordringar og problemstillingar som vedkjem dette arbeidet. På eit seinare tidspunkt vil vi vurdere om det er grunnlag for å organisere dette prosjektet annleis/involvere andre i prosessen. Vi har også eit informasjonsansvar ovanfor organisasjonar og etatar i offentleg og privat sektor

Vi må vel også slå fast at vegen blir i nokon grad til undervegs. Møreforsk si utgreiing om "Alternativ for regionalt folkevalgt organ" vart lagt fram i slutten av nov. Her vert over 20 år med utgreiingar om organisering på kommune - og regionnivå oppsummert og Møreforsk har med dette som bakgrunn utarbeida 5 modeller for organisering. Den 1. des. la Vaboutvalget (såkalla Ekspertgruppa) fram sluttrapporten "Kriterier for god kommunestruktur". Dette er ein gjennomgang og analyse av oppgåver som kan vere aktuelle for å overføre til kommunesektoren. I tillegg er det opna for at store bykommunar kan overtak dagens fylkeskommunale oppgåver. Alle desse tre tema vert lagt fram av regjeringa i ei stortingsmelding til våren. Det er dessutan varsla ein gjennomgang av fylkesmennene sine oppgåver og fylkesinndeling.. Reformarbeidet vil med dette som referanse, innebere at ei omfattande endring av norsk offentleg forvaltning er i prosess.

Regjeringa har gitt fylkesmennene eit særleg ansvar for å sikre at prosessen har ein rimeleg progresjon i høve til frister og andre kvalitetskrav som er sett til utgreiingar og vedtak. Vi minner elles i denne samanheng om at dersom kommunen skal få sine vedtak stadfesta ved kongeleg resolusjon våren 2016, så må i realiteten det vere fatta vedtak om samanslåing innan utgangen av 2015. Desse ulike scenarier er gjort greie for i informasjonssida til KMDep. (Kommunereformen.no) For øvrig er fristen for kommunale vedtak våren 2016.

Fylkesmannen vil difor setje pris på at kommunen /ane oversender både oss og KS viktige vedtak/informasjon som vedkjem dette arbeidet. I den grad kommunen har peika ut ein kontaktperson for dette prosjektet , så vil vi gjerne få opplyst dette. Etter vårt vurdering bør kommunane etter kvart bedømme i kva grad og kor tid informasjon om dette prosjektet bør formidlast til innbyggjarar, organisasjonar , tilsette og andre som måtte ha interesse av saka. Vi har trong for å vere orientert om status og utfordringar som kjem til undervegs. Kommunane må forøvrig ta kontakt med embetet/KS dersom det undervegs er trang for ulike former for assistanse. Det vil likevel vere kapasitetsavgrensingar på fylkesmannen si deltaking i ymse aktivitetar ved

arbeidet i ettertid av kommunerunden, sjølv om dette prosjektet har høg prioritet ved embetet. Fylkesmannen har ingen instruksjonsmynde i dette prosjektet, men vel å setje sin organisasjon til disposjon undervegs.

Underskrevne er prosjektleiar for kommunereformen hos fylkesmannen og koordinerer arbeidet i embetet. Fylkesmannen ber difor om at henvendelsar til fylkesmannen om kommunereformen i hovudsak går til underskrevne.

Med helsing

Ole Bakkebø
Prosjektleder
Mobil: 90942794

Kopi: KS v/Victor Ebbesvik